



Valle kommune

# ROTTFEST FRAMTID

TEMAPLAN FOR KULTURMINNE  
Valle kommune 2020–2032

Vedteke: 01.04.2020

# FOR FOR

## Innhald

<b>01</b>	<b>Mandat, forankring, bakgrunn</b>	<b>4</b>
	1. Kva er eit kulturminne?	5
	2. Bakgrunn for kulturminneplanen	6
	3. Overordna planar og rammer for arbeidet	6
	4. Planprosess	8
<b>02</b>	<b>Oversyn over kulturminna</b>	<b>10</b>
	Forhistoriske kulturminne	11
	Bygningsvern	12
	Kulturlandskap	15
	Hagelandskap	16
	Kyrkjer og kyrkjerestar	17
	Kommunikasjon	19
	Turvegar/kulturstiar	20
	Museum	22
	Immateriell kulturarv	24
	Kraftutbygging	25
	Gruvedrift	25
	Tømmerfløyting	26
	Krigsminne	27
	Samiske kulturminne	27
<b>03</b>	<b>Prioriteringar</b>	<b>28</b>
	Ikkje prioriterte kulturminne i planperioden	32



## Føreord

Kulturminne og kulturmiljø er i dag rekna som fellesverdiar i samfunnet. Dei er ressursar til kunnskap, oppleving og bruk, både for den einskilde og for fellesskapet.

I statleg politikk har vern av kulturminne to hovudfokus: Å sikre dei ikkje-fornybare ressursane frå øydelegging, og samstundes leggje dei til rette for lokal samfunnsutvikling og verdiskaping.

Kulturminne og kulturarv er den historiske plattformen samfunnet og lokalmiljøet vårt er bygd på. Kulturminne gir identitet og særprege til ein stad eller eit område, samtidig som dei ved å vere ei felles plattform knyt oss saman. Ved å gjere kulturminna meir synlege og tilgjengelege, legg vi til rette for gode opplevingar for enkeltmenneske, og samfunnsutvikling og verdiskaping til beste for fellesskapet.

**Steinar Kyrvestad**  
ordfører

# 01 / Mandat, forankring, bakgrunn



## 1. Kva er eit kulturminne?

Kulturminnelova definerer kulturminne som «alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til. Med kulturmiljø menes hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng.»

Vi skil mellom:

- faste kulturminne (bygningar, murar, vegar og liknande)
- lause kulturminne (gjenstandar)
- immateriell kulturarv (kunnskap og ferdigheiter innan handverk, dans, musikk, tradisjonar, eller skikk og bruk)

Faste kulturminne frå før år 1537 er automatisk freda. Det same gjeld ståande byggverk frå perioden 1537-1649. Rundt desse gjeld ei sikringszone på 5 meter.

Kulturminne kan i tillegg vere freda etter vedtak.

Lause kulturminne har også lovvern. Finn nokon gjenstandar i jorda eldre enn frå år 1537 er dei statens eigedom (arkeologiske funn). Ut over det er forvaltning av lause kulturminne ikkje del av denne planen.

Mange kulturminne fell utanfor desse definisjonane og med det også lovverket. I kulturminneplanen som no skal utarbeidast, legg vi til grunn at kulturminne ikkje berre er ein ressurs her og no, men også ein ressurs vi forvaltar på vegner av dei som kjem etter oss. Både det offentlege og innbyggjarane i kommunen har eit ansvar for å ta vare på kulturarven på ein god måte. Men ikkje alle spor etter fortida kan takast vare på, og det er viktig at vurderingar rundt kva som skal prioriterast vert gjort på fagleg grunnlag.

Vi må heller ikkje gløyme at mange kulturminne er i privat eige/ligg på privat eigedom, og det er ein viktig føresetnad at ein informerer og gjer avtale med dei som vert berørde før ein kan leggje til rette for at folk flest kan få tilgang.

### Initiering av planarbeidet

Aust-Agder fylkesting vedtok i februar 2017 strategiplanen «Et godt varp 2014-2017 – Strategi for kulturminner og kulturmiljøer i Aust-Agder», der eit av måla i handlingsprogrammet er å «etablere prosjekt kommunale kulturminneplaner i samarbeid med kommunene».

Aust-Agder fylkeskommune initierte i den samanheng at planarbeidet for Bygland og Valle vert gjennomført som eit samarbeid, men likevel slik at det endar opp i eigen plan for kvar kommune. Riksantikvaren har løyvt kr. 100.000,- til kvar av kommunane til arbeidet.

Valle kommune har i sin kommuneplan 2016-2028, vedteken 22.6.2016, bestemt at det skal utarbeidast ein kulturminneplan i perioden. Valle kommunestyre vedtok i møte 08.03.2017 at det skulle vere ein 12-årig plan. Det er naturleg at ein slik plan blir revidert kvart 4. år.

## 2. Bakgrunn for kulturminneplanen

Eit kulturminne er i vidaste forstand også det som vart laga i går, men som regel vel vi å nytte nemninga kulturminne først når vi har ei viss avstand i tid. Det er alltid eit innslag av skjønn med i vurderingane. Andre gonger gjev ny kunnskap oss signal om at vi må tenkje på ein annan måte. Eit eksempel på det er mellom anna kolgropene og slagghaugane rundt i heiane som ingen tenkte det var nokon grunn til å bry seg om, før arkeologane begynte å kome med interessante analyser og teoriar.

Kulturminnevern er på mange måtar eit splitta ansvar mellom mange og ulike offentlege institusjonar og instansar. Når kunnskapen også er splitta, er det stor risiko for at nødvendig informasjon ikkje når fram til sakshandsamar før det vert fatta uheldige vedtak på sviktande grunnlag.

I skiftande tider er kulturminne og kulturmiljø noko av det som kan stå for stabilitet, og som gjev identitet. Dei fleste kulturminne bryr seg lite om kommunegrenser. Dei kan geografisk vere utbreidde som fenomen, men det særskilte kulturminnet knyt seg til ei grend eller eit bruk – til dei mindre einingane.

Saman med den nedre delen av Bykle kommune høyrer både Bygland og Valle til eit felles kulturområde med lett identifiserbare indikatorar som drakt, byggjeskikk og dialekt. I tillegg kjem ei omfattande immateriell kulturarv som mest tydeleg kan synleggjerast gjennom eksempelet folkemusikk, -song og -dans.

Det vil difor vere både rett og nyttig å sjå kulturminna i ein større samanheng. Kommunane i Setesdal er rike på kulturminne. Å forvalte desse på ein god måte er eit felles ansvar. Det offentlege skal handheve lovverk, og syte for retningslinjer og planar og oppfølging av desse. Dette må skje i samspel med private, både grunneigarar og andre.

Kompetanseutvikling i lokalforvaltninga er eit av satsingsområda i det nasjonale kunnskapsløftet for kulturminnevernet, initiert av Klima- og miljødepartementet og Riksantikvaren. Det er også eit satsingsområde i Agder fylkeskommune, og dermed også i Bygland og Valle.

## 3. Overordna planar og rammer for arbeidet

Forvaltning av kulturminne er underlagt Kulturminnelova av 1978.

I Regionalplan Agder 2030 er visjonen for utviklinga det komande tiåret skildra på denne måten: *Kulturinstitusjonar, idrettsarenaer, museer og en unik kulturarv gjør Agder til et attraktivt reisemål som trekker et voksende antall besøkende fra inn- og utlandet. Det er et omfattende klyngesamarbeid mellom kultursektor og reiseliv, som er ledende innenfor teknologisk utvikling.*

I handlingdelen til planen er det sett opp følgjande som mål og tiltak som også berører kulturminnevernet:

- Jobbe aktivt for at uthavnene og Setesdalskulturen kommer på UNESCOs liste over henholdsvis verdensarv og immateriell kulturarv.
- Etablere og videreutvikle bygningsvernentre.
- Utvikle modeller for samskaping mellom aktørene innen immateriell kulturarv.
- Jobbe for at Riksveg 9 gjennom Setesdal får status som nasjonal turistveg.
- Styrke samarbeidet med frivillig sektor om kulturminnevern.

Nasjonale mål for kulturminne og kulturmiljø sette av Stortinget er:

- Det årlege tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal ikkje overstiga 0,5 prosent innan år 2020.
- For automatisk freda arkeologiske kulturminne skal det årlege tapet ikkje overstiga 0,5 prosent innan 2020.
- Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vera vedtaksfreda innan 2020.
- Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. Eit representativt utval automatisk freda arkeologiske kulturminne skal vera sikra innan 2020.
- Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverka til å hindra uønskt nedbygging av matjord og ivareta viktige kulturminne.

### Avgrensingar

I kommuneplan for Valle heiter det:

*Urørte naturområde, flotte kulturlandskap og mange kulturminne er ein viktig ressurs for Valle. Desse kvalitetane skal ein i størst mogleg grad ta vare på og legge til grunn for planarbeidet, særleg innan arealdelen.*

Planen konsentrerer seg einsegn om faste kulturminne/ kulturmiljø, med immateriell kulturarv i høve til folke- musikk, -song og -dans som eit enkeltstående unntak.

Ei ytterlegare avgrensing vil liggje i at ein i den prosessen som startar no, konsentrerer seg om bygdenære ting, ikkje langt frå elva og Riksveg 9.

Seinare planarbeid vil kunne utvide dette perspektivet til også å gjelde heiane.

### Kommunedelplan eller temaplan?

Dette er den første kulturminneplanen i kommunen og eit første forsøk på å skape eit grunnlag for å sikre ei heilskapleg forvaltning innan kulturminnevernet.

Planen må følgjast opp i anna offentleg planleggingsarbeid, og skal vere førande for all byggjesak- og planhandsaming i kommunen.

Med dei ressursar som var tilgjengelege måtte det gjerast nokre val for å kome i mål. Vi har fokusert på nokre utvalde tema og nokre stader der det er mogeleg å velje ut kulturmiljø. I tillegg vil det verte trekt fram enkeltstående kulturminne med særskilt status.

Område og kulturminne som alt har vernestatus vil sjølvstøtt inngå i planen. Anna vern av kulturminne må sikrast gjennom arealdelen i kommuneplanen (etablering av omsynssone kulturmiljø) og reguleringsplanar.

### Ansvar

Offentlege forvaltarar har ulikt ansvar innan kulturminnevernet:

- Klima- og miljøverndepartementet er formelt ansvarleg for det nasjonale kulturminnevernet.
- Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og ansvarleg for gjennomføring av statleg kulturminnepolitikk. Riksantikvaren kan gjere vedtak om freding.
- Agder fylkeskommune forvaltar kulturminnevernet på regionalt nivå.

- Kulturhistorisk museum i Oslo har ansvar for fornminne og før-reformatoriske gjenstandar.
- Norsk Maritimt Museum har ansvar for kulturminne under vatn.
- Kommunane i dalen har kvar for seg ansvar for reguleringsplanar, arealplanlegging og at kulturminne vert teke omsyn til i kommunale planprosessar og byggesaker.

Aust-Agder museum og arkiv/Setesdalsmuseet har ikkje ein formalisert rolle i kulturminnevernet. Arbeidet ved museet, og kompetansen til dei tilsette, gjer det likevel naturleg å rådføre seg og til tider samarbeide om kulturminneprosjekt.

### Mål

Bykle kommune er ferdige med sin plan. Denne har fått god mottaking, og så langt råd er vil vi bruke den planen som ein mal og rettesnor også i arbeidet med kulturminneplanar for Valle og Bygland.

Vi tillét oss å kopiere Bykle sin kulturminneplan på det feltet: *Å ta godt vare på kulturminne vitnar om ein kommune som er seg bevisst si historie i møte med framtida. Ei sterk og levande lokal kulturhistorie er ryggrada når nye innbyggjarar skal intergerast og inkluderast. Det er det ein kan bygge vidare på i møte med nye kulturar.*

Planen skal hjelpe oss til å:

- synleggjere
- prioritere
- vise fram – bli medvetne på
- vedlikehalde
- bruke

Kulturminneplanen vil vere retningsgjevande for kulturvernarbeidet i kommunen. Planen må følgjast opp med ein handlingdel. Utarbeiding av handlingsdelen må vere knytt opp til kommunen sitt budsjettarbeid, slik at handlingsprogrammet er forankra i årsbudsjett og handlingsprogram. Handlingsdelen vil innehalde tiltak som ein føreslår prioritert i starten. Nye tiltak vil verte tekne inn ved rullering av handlingsdelen.

## 4. Planprosess

### Oppstart

Valle formannskap vedtok i møte 15.2.2017 at arbeidet med ein kulturminneplan skulle setjast i gang. Det vart vedteke at dette skulle vere ein temaplan. Leiar Kultur og fritid, Torunn Charlotte Nyberg, fekk i oppdrag å vere prosjektleiar og ansvar for å utarbeide prosjektplan, etablere prosjektgruppe og leige inn ekstern hjelp til delar av planarbeidet. Planprogram vart utarbeidd, og godkjent i Valle kommune 16.3.2018.

Arbeidet med planen er utført samordna med tilsvarende plan i Bygland kommune.

Leonhard Jansen, konservator ved Setesdalsmuseet, vart engasjert til arbeidet hausten 2017.

Kort tid etterpå vart det på initiativ frå arkeolog/rådgjevar kulturminnevern i Aust-Agder fylkeskommune invitert til eit møte på Bygland den 10. oktober, der det vart bestemt at planarbeidet i Valle og Bygland skulle koordinerast.

### Utarbeiding

Konservator ved Setesdalsmuseet, Leonhard Jansen, er engasjert til å skrive planen. Dette er ei ordning som er særskilt avtalt med leiinga ved Setesdalsmuseet. Plangruppa har undervegs i arbeidet hatt jamlege drøftingsmøte.

### Medverknad

Det vart tidleg i prosessen gjennom annonse i Setesdølen og sosiale medium invitert til informasjons- og innspel møte 2. mai 2018. Det var få fram møtte, men fleire nyttige innspel og synspunkt kom fram og vart drøfta.

Ut over dette har prosjektleiar i løpet av prosessen hatt kontakt med personar med kunnskap/relevans til dei tema som er med i planen.

Setesdalsmuseet sine arkiv/samlingar har vore stilte til disposisjon under arbeidet.

### Høyring

Høyringsutkast til kulturminneplan med handlingsprogram var lagt ut til høyring hausten 2019. Kommunestyret vedtek endeleg kulturminneplan med handlingsprogram våren 2020.

### Prosjektgruppe

Prosjektleiar	<i>historikar</i>	Leonhard Jansen
Valle kommune	<i>leiar kultur og fritid</i>	Torunn Charlotte Nyberg
Bygland kommune	<i>tenesteleiar DFV</i>	Kjell Øyvind Berg
Fylkeskontakt	<i>kulturvern rådgjevar</i>	Frank Allan Juhl





## 02 / Oversyn over kulturminna



Den gamle danseplassen på Hämåren, Rysstad.

Kulturminna er i praksis ganske umuleg å få eit fullstendig oversyn over. Til det er omfanget så stort, og det er heller ikkje alltid innlysande kva som høyrer med i eit slikt oversyn. Tenkjer ein på kulturminne som noko alle kan oppsøkje, er det nødvendig med ei grensetrekking til det som er i privat eige. Ikkje alle ønskjer folk inn på tunet for til dømes å sjå det gamle loptet.

I oppsettet som følgjer har vi freista å gruppere kulturminna på ein logisk måte, men det er alltid nokre som er vanskeleg å plassere. Andre kjem med fleire gonger.

På somme tema er det alt utført registreringar. Vi har kopiert opp og digitalisert alle kjende rapportar som er mogleg å leggje til grunn i denne samanheng. Desse er lista opp under kvart tema.

Vi viser også til SEFRAK-registreringane og Askeladden/Kulturminnesøk som gode kjelder til mykje informasjon.

Gards- og ættesoga for Valle kommune av Alfred Ryningen inneheld mykje informasjon om kulturminne, men opplysningane er delvis «gøymt» mellom mykje anna tekst.

Valle Kultursoge av Leonhard Jansen og Alfred Ryningen (1994) har mykje historisk faktakunnskap som går rett inn i fleire av dei tema som det er fokus på i denne planen, og vil vere ei nyttig kjelde for den som ønskjer meir informasjon.

## Forhistoriske kulturminne

Då sokneprest Erik Leganger tidleg på 1700-talet sette seg ned med fjørpenn og blekk for å skildre Setesdal, vart konklusjonen at dalen nok var «*opfunden og opdyrket noget efter Syndfloden, dog før Christi Tid*».

Heilt bokstavleg skal vi ikkje tolke denne, men arkeologiske granskingar har dei siste åra gjeve oss heilt ny informasjon om forhistoria i dalen. På Langeid vart det funne stolpehol etter bygningar som er daterte til mellommesolitikum, dvs. 8000-6500 f.Kr. Det kan vanskeleg tolkast på annan måte enn at nokon alt då hadde sett opp ein bygning der. Frå før var dei funna vi kjenner knytt til flint og kvarts etter vandrane veidefolk. På Moi vart det avdekka spor etter bronsealderhus.

Setesdal, og Valle spesielt, har lenge vorte oppfatta som ein stad der det må ha vorte drive omfattande handel alt i vikingtida. Dette byggjer på uvanleg mange funn av importgjenstandar, myntar og vekter/vektlodd. Utgravningane på Langeid i 2011 knyter på alle måtar nedre del av dalen til det same kontaktnettet, og med det uvanleg flotte Langeidsverdet som eit høgdepunkt.

Det er grunn til å sjå desse funna i samband med omfattande utvinning av jern i dalen frå vikingtid til høgmedalder.

### Særleg interesse

Gardsanlegg Røysland, Straume  
Steinpil/bautastein Helle  
Kyrkjegard Bjørgum  
Kyrkjegard Nomeland, Valle  
Gravhaug Nomeland, Valle  
Gravfelt Flateland

### Andre forhistoriske minne

Bautasteinar Helle  
Bautastein Rike (Einar Rike)  
Tingstein Berg 51/3  
Hågedeild Bø  
Bærsteinen Kyrkjeled Homme  
Fakse Odden/Fakse Røysland

### Status

Bygland og Valle vart registrerte for økonomisk kartverk ca. 1980-1984. Dette er supplert med nye registreringar fram til i dag, og er lagra med koordinat i Askeladden. Nye metodar og nye utgravingar vil også i framtida gi fleire opplysningar.

### Mål

Oppfylle statlege mål om at årlege tap av kulturminne, kulturmiljø og arkeologiske kulturminne innan år 2020 ikkje skal overstige 0,5%.

## Bygningsvern

### Bygningar frå mellomalderen

Det er lite å finne om Setesdal i dei eldste skrivne kjeldene. «Egdafylke», eller Agder, vart ein del av Gulating. I 1274 kom «Magnus Lagabøtes Landslov» i staden for dei gamle landskapslovene. Då møtte tolv menn frå Egdafylke på Gulating.

Biskopen hadde sete i Stavanger fram til 1682, då Kristiansand overtok som stiftsstad. Det bidrog nok også til ei endring av folks reisevanar, sjølv om det for folk lengst oppe i dalen framleis var ei kortare reise å dra til Stavanger og handle korn og anna vare, enn til Kristiansand.

Frå Valle gjekk det også vegar over til Finndalen, og derfrå nedover mot Nedenes der det var kongsgard. Frå Bygland gjekk det vegar over til Tovdal og vidare ned til kysten. Også der kom det til å bu mektige folk som kravde skatt av bøndene i Råbyggjelaget, som Setesdal var ein del av.

Byggjeskikken endra seg i sein vikingtid. Dei gamle langhusa der alle hadde sin plass under eitt og same tak måtte vike plassen for mindre laftebygningar som kvar for seg hadde ein eigen funksjon. Dette vart den rådande måten å byggje hus på i hundreåra som fylgde. Alle bygningar var av tre, og storparten av desse i lafteteknikk.

### Status for registrering

Det som er kjent er registrert i Askeladden, men nye dendrokronologiske prøveboringar har i seinare år gjeve vekst i talet på mellomalderbygningar i dalen. Bygningsvernsenteret ved Setesdalsmuseet har teke initiativ til at det vert utarbeidd nye dendrokronologiske kurver som med stor sannsynlegheit vil gjeve mange fleire sikre – og eldre – treff på boreprøvene.

Av alle kjende mellomalderbygg i Noreg er 20 % i austre del av Agder, og av dei er dei fleste å finne i Setesdal.

### Mellomalderbygningar

Rysstad Heimigard	68/1 – løe før 1350 – omsynssone bevaring
Rysstad Heimigard	68/1 – lopt før 1350 – ned til Storehaug og rundt kyrkja
Nomeland	64/5 – lopt – før 1350
Søndre Bø	56/1 – Heimigard – årestoge – middelalder
Brottveit	52/1 – løe – middelalder
Brottveit	52/2 – stolpehus – middelalder
Åmli Systog	50/6 – lopt før 1350 – har brunne ned
Myrum	37/5 – lopt – før 1350
Nørdre Hoftuft	34/2 – 1558
Gråmannshus	29/2 – lopt – 1306
Gråmannshus 2	9/4 – lopt – før 1350 – frå Heimigard Bø 1975
Torverota	59 – lopt – før 1350
Løyland 2	6/2 – lopt – 1519
Rygnestad Nørdre	23/8 – våningshus – 1522-23
Lunden	22/6 – juv – støy – middelalder + freda tuft

### Vedtaksfreda bygningar

Det er ingen tvil om at nedgangstidene i seinmellomalderen, med pest og epidemiar som ei hovudforklaring, sette bygdene i dalen kraftig tilbake. Busetjinga trekte seg tilbake frå heiane og ned i dalen. Vi har ingen tal eller anna empirisk materiale å vise til, men gjennom den metodikken som vart utvikla i samband med det norske ødegardsprosjektet, er det muleg å nærme seg.

Grovt sagt vil vi kunne påstå at det kring år 1500 berre var eitt bruk på kvar gard. Då 1600-talet ebba ut kunne det vere både fire og fem bruk, og folketalet hadde auka mykje. Ein stor del av den eldre bygningsmassen er frå denne perioden. Vi veit og at det fann stad gjenbruk av materialar frå dei gamle mellomalderbygningane.

Mykje av denne bygningsmassen eksisterer framleis, men er godt gøymt bak nye fasadar. Vi har inga fullstendig oversikt, anna enn at SEFRAK-registreringane gjev oss nokre haldepunkt. Nokre av desse bygningane er vedtaksfreda. Anten på grunn av sikker datering (1537-1649) eller etter ønskje frå eigar.

#### Vedtaksfreda bygningar

Helle	70/6 – udatert
Berg	63/20 – røykstoge – etter 1537
Berg	63/20 – lopt – etter 1537
Bjørgum	67/3 – Villaen Bjørgum samling 7 gamle bygningar + Villaen + interiør
Brottveit	52/1 – våningshus – 1647/1654
Viki	44/1 – røykstoge – 1600-talet
Kyrvestad	43/1 – våningshus og loft – vedtakfreda 1600-tal
Sagneskar	41/2 – lopt – ca. 1625
Dale	27/5 – lopt – siste del av 1600-tal
Rygnestad Nørdre	trihøgelopt – 1595 – kyrkjerest
Rygnestad Nørdre	nyelopt – 1595

**Annan bygningsmasse**

Som nemnt ovanfor, skjuler det seg mange gamle bygningar bak tilsynelatande ganske nye fasadar. SEFRAK- registreringane avslører noko av dette, men med tanke på alder er det mykje som ikkje er fanga opp.

Vi vil trekkje fram følgjande samlingar av hus/særeigne gardstun som ikkje er verna, men som likevel har interesse/kvalitetar ut over det ordinære. Dette er private samlingar som eigarane sjølve har eit forvaltingsansvar for, og såleis utanfor det offentlege sitt ansvarsområde. Dei fell difor utanfor tiltaks-/handlingsplanen.

**Status**

Dei fleste bygningar eldre enn år 1900 er registrert i SEFRAK, men kvaliteten på registreringane er varierende.

Aust-Agder museum og arkiv/Setesdalsmuseet har etablert eit bygningsvernssenter med eigen laftehall. Ein ønskjer å utvikle dette til eit nasjonalt kompetansesenter for mellomalderbyggeskikk. Det eksisterer ulike ordningar der private kan søkje tilskot frå i samband med restaurering, m.a. Kulturminnefondet.

**Mål**

Behalde eit representativt utval av gamle hus, loft og ulike slag driftsbygningar.

**Tunsamlingar**

Brokke	62/6 Håmåren – restaurering/tilflytta lopt
Nomeland	64/2 Juvet støyl – Olav K. Nomeland – lopt frå Åmli
Rysstad	68 Haukedalsvegen 86 Tussebu?
Haugeland	61/Haugelandsvegen 73 – årestoge, gamle bygningar forøvrig
Brottveit	52/2 – samling hus. Årestoge m.m.
Heimigard Berg	restaurert
Haugen Nedundhaug	48/3 – årestoge
Nomeland	47/3 – årestoge – restaurert Strondevegen 233
Kyrvestad	Totunsordning Heggjebakke/Brenne kulturlandskap

## Kulturlandskap

Kulturlandskapa har fått si form fordi menneska gjennom generasjonar har utnytta ressursane. På den måten avspeglar og vidarefører kulturlandskapet kunnskap om byggeskikk, materialbruk, handverk, mattradisjonar og andre kulturhistoriske verdier.

Når jorda vart dyrka på tradisjonelt vis, gav det landskapet ein karakteristisk utsjånad. Landskapet får kulturtrekk som fortel oss kva som kan ha vorte gjort på staden. Dei naturlege føresetnadane er avgjerande for korleis drifta artar seg.

Der maskinane har overteke drifta, er landskapet ganske flatt. Bekkar ligg i røyr og våtlendt mark er drenert. Steinar er grave ned og masse skifta ut, slik at alt er tilgjengeleg med maskin.

Eit særtrekk ved eldre landskap er steingjerda som deler teigane den dag i dag. Sjølv om dei mange stader etter kvart er erstatta med andre gjerde, er det er ein historisk dokumentasjon på det som blir kalla «det store hamskiftet», som mellom anna innebar at jorda vart utskifta slik at kvar bonde fekk sine teigar samla, og den etterfølgjande ryddinga av jorda for stein slik at det var mogeleg å kome fram med pløgen.

### Særlege tiltak/prosjekt

I Setesdal er det framleis mange slike landskap. Nokre stader kan det vere tilgrodd i dag, men landskapet er der. Ulike tiltak er sette i verk, og Rygnestad/Flateland er eitt av to utvalde kulturlandskap i landbruket i Agder med «store biologiske og kulturhistoriske verdier».

Riksantikvaren sitt KULA-prosjekt – «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse» – er eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse, og tenkt som verktøy for kommunane slik at dei kan ivareta viktige landskapsverdier i si planlegging. I denne samanheng er Vallebø frå Harstad til Tveitebø/Homme føreslege å få ein slik status, samt Rygnestad og Flateland og Heiebergheiane.

### Tilskottsordningar

Landbruksforvaltninga har fleire tilskottsordningar for private føretak der føremålet er å fremje kulturminne- og kulturlandskapsverdier.

### Regionalt miljøprogram (RMP) 2019–2022 for Agder

er utarbeida av Fylkesmannen i samarbeid med fylkeslaga til Norges Bondelag, Norsk Bonde- og småbrukarlag samt representant frå fylkestinga og kommunane. Føremålet med regionalt miljøtilskott i Agder er å ivaretake *jordbruket sitt kulturlandskap*, biologisk mangfald, *kulturminne*, tilgjengelegheit i jordbrukslandskapet og å redusere avrenning til vatn og utslepp til luft frå jordbruket. Det er knytt ulike vilkår og krav til dei ulike ordningane. Søknadsfristen til ordninga, som gjeld for aktive jordbrukarar, er 15.10. kvart år.

I høve denne ordninga er typiske tiltak:

- Skjøtsel av automatisk freda kulturminne
- Skjøtsel av enkeltstående automatisk freda kulturminne
- Skjøtsel av bakkemurar

Dette, saman med tilskott til drift av kulturlandskap (beiting og bratt terreng) frå Landbruksforvaltninga, kunne med meir ressursar ført til meir utnytting av ordninga hjå fleire gardbrukarar.

**Tilskott til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)**

er ei anna tilskottsordning. Føremålet med SMIL er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere forureininga frå jordbruket.

Eksempel på kulturminne i tilknytning til jordbrukslandskapet etter ordninga er:

- Alle slags bygningar på gardstun og i inn- og utmark
- Buplassar, hustufter og ruinar, gammetufter og gardshagar
- Gravhaugar og -røyser, helleristingar, offerstadar, varp
- Rydningsrøyser, veiter/vatningsanlegg, bakkemurar, terrasseringar, tre- og steingjerde, elveforbyggingar
- gamle vegfar, stiar, vegmerke, klopper, vad, tre- og steinbruer, geil/fegater
- jakt-, fiske- og fangstinnretningar, stakktufter, jernvinneplassar, kol- og tjøremiler, fløytingsdammar
- bygdeboger, vardar/veter

**Kulturminnefondet**

er eit lågterskeltilbod og ei reindyrka tilskottsordning for private eigarar av verneverdige kulturminne.

Tilskottsordninga skal:

- bidrage til å auke innsatsen frå eigarar og næringsliv for å take vare på kulturminne.
- Bidrage til bevaring og bruk av kulturminne og kulturmiljø for oppleving, kunnskap, utvikling og verdiskaping.
- Støtte prosjekt der det er samarbeid mellom offentlige og private aktørar.

**Status**

Forvaltning av kulturlandskap er basert på frivillig samarbeid og lokalt engasjement. Kvart år vert det gjeve tilskot til aktive gardbrukarar for å pleie landskapet.

**Mål**

Behalde eit variert og representativt utval kulturlandskap.

**Hagelandskap**

Prestegardshagen i Valle vart anlagt av sokneprest Peder Blom i 1865. Det er ikkje lang tradisjon for hagar i Bykle og Valle, særleg ikkje prydvækstar. Difor er denne hagen spesielt viktig. Det er truleg den eldste hagen i Bykle og Valle, og den einaste prestegardshagen i Setesdal. I Bygland er det ikkje noko prestegardshage. Hagen som kulturminne er i dårleg forfatning, og det er behov for relativt omfattande rekonstruksjon og restaurering.





Valle kyrkje.

Foto: Geir Daasvatn

## Kyrkjer og kyrkjerestar

Akkurat når dølane vart kristna skal vi vere forsiktige med å meine noko om. Det har vorte peika på at sidan vi låg oppe i ei krå – i Råbyggjelaget – så tok det tid før kunnskapen nådde fram. Nyare arkeologiske utgravingar dokumenterer på sett og vis at kunnskapen nok har vore der. På den andre sida kan ein også tenkje seg at verdikonservative bønder lenger enn andre stader kunne gøyme seg til å gjeve Odin og Tor ei lita oppmerksamheit når det såg som mørkast ut med avlingane.

Konklusjonen må vere at dei fyrste kyrkjene kom på 1000-talet, og folk vart sidan gravlagde på kyrkjegardar. Portalane frå Hylestad stavkyrkje på Bjørgum er daterte til seint 1100-tal/tidleg 1200-tal, og er på Kulturhistorisk museum. Pavens rekneskap frå 1327 fortel oss at vi då hadde kyrkjer i Hylestad, Valle og Nomeland.

Både stavkyrkjene vart erstatta av tømmerkyrkjer kring 1660. Nomeland kyrkje var då borte. Forvalting av Nomeland kyrkjegard inngår i skjøtselplan for Prestefossen kulturlandskap. Nye kyrkjer vart bygde i både sokna 1839/1844.

### Mål

Sikre framtidig vedlikehald av kyrkjene.

**Mellomlalderyrkjegardar**

Hylestad kyrkje	1839 Linstow. Listeført
Bjørgum kyrkjegard	Ut av bruk 1839
Hylestad kyrkjegard	Rysstadmo
Valle kyrkje.	1844 Linstow. I bruk. Listeført
Nomeland kyrkjegard	Ut av bruk i seinmellomlalderen

**Kyrkjerestar**

Kyrkjebenk	Skagestad/Osa Bjørnhov
Rike Rota	43/3 – stolpehus – dør frå Hylestad stavkyrkje
Sagneskar	Stigandshella dørhelle
Straume Sygard	69/3 Lopt – kyrkjerestar
Nordi-Brokke	62/8 – lopt – kyrkjerestar
Fureteig Bø	portalrest?
Nørdre Hoftuft	muleg portalrest
Dåpsfat og munnlaug	Hylestad kyrkje



Hylestad kyrkje.

## Kommunikasjon

### Gamle vegar

Dei eldste nemnde vegane er Bispevegen austover til Fyresdal og Skinnevegen vestover mot Stavanger. Eigentleg talar vi om mange vegar eller tråkk, som etter kvart samlar seg og endar i Lysebotn på vestsida (der det var mogeleg å få båtskyss til Stavanger) og Fyresdal til andre kanten. Generelt kan ein seie at dess lenger opp i dalen ein kom, dess meir grunn var det til å velje ein aust-vest veg heller enn ein nord-sør veg.

Den gamle ferdslevegen gjennom Setesdal gjekk delvis i dalbotnen, delvis over fjell. Generelt kan ein seie at vegen til Kristiansand gjekk på vestsida av Otra, slik at dei som budde på austsida på dertil eigna stader tok seg over elva ved hjelp av ferje. Mellom Storstraumen og Vassenden/Dåsnes var det også grei ferdsleveg for dei som budde på austsida av fjorden. Det gjekk også vegar frå Valle over til Finndalen, og derfrå vidare nedover mot Arendal. Frå Bygland gjekk vegen rett over til Tovdal og derfrå til kysten.

Før Postvegen gjekk vegane mange stader der ein i dag ikkje utan vidare forstår kvifor. Ein generell regel er at vatn og vidde batt saman, medan fjell og dalar skilde. Vi vil likevel trekkje fram Stongevegen mellom Brokke og Sirdal som vart etablert ca. 1812 etter initiativ frå Det Kongelige Selskap for Norges Vel. Det er framleis mogleg å finne stenger der vegen går, for eksempel mellom Øyuvsbu og Håhelleren.

I 1847 vart Postvegen frå Kristiansand til Valle kyrkje avlevert. I praksis var den framkomeleg alt frå hausten 1844. Frå då av har Kristiansand vore byen for dølane, og vegen har i hovudsak gått parallelt med Otra. I boka «Frå postveg til riksveg» er alle dei gamle vegane teikna inn på kart, og med fylldige kommentarar. I boka «Riksveg 9. Bruer og særtrekk langs vegen» kan ein hente detaljert informasjon om alle bruene, men også om hendingar og utbetringar som på andre måtar har medført endring i reiserutene langs dalen.

### Parsellar av spesiell interesse

Rysstadmo m/Fjellskarbrua  
Flårenden  
Kallefossbrua  
Sanden Såre

### Status

Valle kommune har inga formidling/tiltak i samband med vegminne.

### Mål

Behalde og formidle eit representativt utval av vegminne/kommunikasjonar.

## Turvegar/kulturstiar

Mogelegheitene for å gå tur er mange. Dei fleste tilrettelagde løypene er reine turstiar utan fokus på kulturminne. Om ein ønskjer er det ingen stor jobb å leggje til rette for at den som tek turen også kan få interessant kulturhistorisk informasjon som del av opplevinga. På den andre sida er truleg det tilbodet ein har av slike turar tilstrekkeleg.

### Rysstad turpark

Turvegen ligg i buskogen til garden Rysstad, der det tradisjonelt vart beitt med storfe vår og haust. Slik var det til like etter 2. verdskrig, men framleis er det mange gamle vegar og stiar i området som vert oppretthalde ikkje minst av sauer, men også av elg og rådyr. Turvegen går på ei blanding av nyare skogsvegar og dyretråkk langs Kvinnåne der bøndene i si tid hadde kvernhusa sine. Eitt av desse står framleis att. På turen er det fleire stoppestader med benkar til å kvile seg på.

### Brokke

I tilknytning til hyttefeltet i Brokkeområdet er det mange gode mulegheiter for vandreturar. Ingen er merkte med tanke på å knytte dei til dei kulturminna ein passerer på vegen. Valle som ein turistkommune ville kunne stoppe fleire turistar på gjennomgang ved å merkje opp kulturminne med ei oppslagstavle som fortel noko om plassen.

### Kvernhusvegen Valle

Kvernhusvegen ligg sentralt i Valle. Turstien er 4,2 km lang og på turen får du rike natur- og kulturopplevingar. Startpunktet er Valle skule. Her er det ein informasjonstavle og stor parkeringsplass.

Det fyrste du møter, er Kvernhusmiljøet på Harstad med 5 godt bevarte kvernhus. Turstien held fram oppover lia gjennom skogen til Tveitetunet. Derfrå går turstien opp til Brottveit. Her har du ein fantastisk utsikt over Vallebygda.

Frå Brottveit følgjer du den gamle Stavdalsvegen, som var heievegen for vallebøndene. Du vandrar gjennom det gamle slåttelandskapet til vallebøndene, og nokre av dei gamle sommarfjøsa (vårfjøsa) står der enno.

Ferda går vidare forbi dei spektakulære gravhaugane i Fargebakk og ned til den gamle gardsbusetnaden i Rike.

### Prestefossen tursti med hengebru

Frå Valle sentrum går det kultursti over den restaurerte hengjebraua, over til Nomeland med steingjerde, stor gravhaug og mellomalderkyrkjegard. Turstien har status som statleg sikra friluftsområde, og det er laga ein eigen skjøtselplan for området. Området er av stor interesse for både fastbuande og tilreisande, med sitt særprega kulturlandskap, mange kulturminne og gode rekreasjonsmogelegheiter, og skjøtelsesplanen legg vekt på synleggjering og formidling av desse kvalitetane.

### Neire Lauvås turløype, Valle sentrum (Prestegardsskogen)

Turløypa var ferdig i 2014, men har behov for vedlikehald og oppgradering, samt ferdigstilling av til dømes benkar, pauseplassar og skilting. Standard skilting er på plass, men i tillegg er det ønskeleg å formidle korleis dette området vart bruka i tidlegare tider (der var mellom anna ein mykje brukt danseplass).

### Rygnestad kulturlandskap

Godt bevarte naturbeite, slåttenger, hagemark og gammal lauvskog pregar området. Bygningane og innmarka på Rygnestadtunet vert forvalta av Setesdalsmuseet. Husmannsplassen Slengen høyrer med til miljøet her. Elles er det og mange gode eksempel på tradisjonell byggeskikk med fjøs, løe, sommarfjøs, kvernhus, loft, smie og badstove. Der er også andre kulturminne som steingjerde, bakkemurar, rydningsrøyser, «rymeveg» og fegate mellom garden og utmarka.

### Rygnestad tursti

Frå parkeringsplassen til museet går det ein kultursti gjennom det karakteristiske kulturlandskapet. Den begynner ved den gamle støylsvegen som tek deg med noko opp i høgda og forbi den gamle husmannsplassen Slengen. Derfrå går stien vidare i overkant av gardsbusetnaden, bort til bruket Åreholti.

### Bispevegen

Bispevegen er ein av dei gamle sambindingsvegane mellom Setesdal og Telemark, og namnet indikerer at dette var vegen biskopen i Stavanger bruka når han var på visitasferd austover. Bispevegarsjen, som går av stabelen første helga i august kvart år, har utvikla seg til ein populær turmarsj lang den gamle kulturløypa.

### Gloppefossen

Frå Rv 9 nordanfor Brokka i Valle, går det ein mykje brukt turveg innover Veiådalen. Høge fjell kransar elva på både sider, før ein kjem inn til sjølve Veiåjuvet der den mektige Gloppefossen hivar seg utover kanten med eit fritt fall på kring 280 meter.

### Otra elvepark

Midt-Agder friluftsråd har teke initiativ til at det vert lagt til rette for turløyper langs eller i nærleiken av Otra. Per i dag er det ingen informasjon eller tilrettelegging for formidling, og førebels er ein på kartleggingsstadiet av kva som kan vere mogeleg å få til.

På nettstaden ut.no er det oversyn over kartfesta turløyper i kommunane. Ei slik side har eit stort utviklingspotensiale.

### Status

Turløypene og turstiane våre er i varierende stand og ulike nivå. Dei fleste begynner å få ein relativt god standard, med god merking og egne kartblad.

### Mål

Gjere alle turstiane og turløypene mest mogeleg attraktive. Ein bør vurdere kulturminneskilting/-merking på dei turløypene der dette kan vere aktuelt.



Folkefest i Valle då Prestefossen hengebru var sett i stand og opna att.



Tveitetunet museum.

## Museum

Frå 1.1.2015 vart Setesdalsmuseet ein del av Aust-Agder museum og arkiv (AAMA) som fannar heile fylket. Setesdalsmuseet er eit regionalt museum for dei fire kommunane i regionen pluss Iveland, og er i praksis eit driftsselskap for alle museum i dalen. Eigarforholda til dei ulike museumsavdelingane er ulike. Museumsbygg og samlingar i Valle kommune er formelt eigde av kommunen eller Setesdalsmuseet Eigedom IKS. Museet har egne rutinar for forvaltning av dei anlegga som høyrer til museet.

Museet forvaltar også ei stor gjenstandssamling, og ei stor samling historiske foto som har plass i museet sine magasin.

Museet har også ei omfattande tekstilavdeling, som i tillegg til konservering og oppbevaring av tekstilar særleg knyttta til den gamle bondekulturen, også dokumenterer og formidlar handlingsboren kunnskap.

Setesdalsmuseet har særleg kompetanse innan bygningsvern, og eit eige bygningsvernsenter er knytt opp mot museet. Bygningsvernsenteret bidreg med rådgjeving innan kulturminnevern, formidlar handlingsboren kunnskap gjennom kurs, og dokumenterer verneverdige bygningar.

### Status

Antikvariske bygg som Setesdalsmuseet har ansvar for er under kontinuerleg tilsyn. Behov for vedlikehald vert forløpande vurdert og prioritert.

### Mål

Skaffe nok midlar til vedlikehald, og oppretthalde eit nivå på vedlikehald som sikrar bygningane for skadar og forfall.

### Museumsanlegg

Rygnestad museum:

Originalt tun med særlege kvalitetar på bygningane. Våningshus, trihøgt lopt, vanleg lopt, løe med fjøs, talle og stall, smie, badstove og kvern.

Tveitetunet museum:

Originalt tun etter lensmann og eidsvoldsmann Olav Knutsson Tveiten. Våningshus, lopt, tilflytta løe, arrest, badstove, kvern, tingstein.

Prestevodden:

Årestoge og skulehus.

Heimigard Berg:

Restaurert våningshus frå Berg i Valle. Eigar Valle kommune.

Skulestoge frå Brokke:

Ved Hylestad skule. Eigar Valle kommune.

Setesdalsmuseet:

Sentralbygg på Rysstad. Magasin, arkiv, utstillingar. Bygningsvernssenter (laftehall).

Sylvartun:

Innleigd i eit samarbeid mellom Valle kommune, AAMA og tidlegare Aust-Agder fylkeskommune til senter for immateriell kulturarv. Fokus på folkemusikk.

## Immateriell kulturarv

På Kulturrådet si nettside les vi dette:

*Immateriell kulturarv er levende tradisjoner og tradisjonell kunnskap som blir overført mellom folk. Kunnskapen blir praktisert i dag og ført vidare gjennom kreative uttrykksmåter, som håndverk, musikk, dans, mattradisjoner, ritualer og muntlige fortellinger.*

*Kulturrådet har ansvar for å implementere UNESCOs konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven og er Kulturdepartementets fagorgan på dette feltet. Formålet med konvensjonen er å øke respekt for og kunnskap om immateriell kulturarv. Den immaterielle kulturarven til urfolk og nasjonale minoriteter i Norge er et prioritert område for Kulturrådets arbeid.*

I denne planen vert det ikkje lagt opp til strategiar/ tiltak i forhold til immateriell kulturarv med eitt unntak: folkemusikk, song og dans. Grunngjeving for det er at søknad om opptak på UNESCOs Representativ List vart godkjent på UNESCOs 14th Session of the Intergovernmental Committee for the Safeguarding of the Intangible Cultural Heritage of Humanity i Bogotá, Colombia 9.-14. desember 2019.

Det er viktig at kulturskule og grunnskule gir undervising i tradisjonsmusikk, folkedans og annan folketradisjon. Samstundes må skulane legge vekt på den identitetsskapande verdien av dialektane, nynorsk, forteljartradisjon og stadnamn. Frivillige organisasjonar og andre verksemdar som representerer tradisjonsmusikk og folkekultur bør vere naturlege samarbeidspartnarar.

Ut over dette vil vi peike på følgjande:

- Agder folkemusikkarkiv har utført dokumentasjon på folkemusikk, -song og -dans. Innsamla stoff er digitalisert, indeksert og lagra på server.
- Immateriell kulturarv er eitt av 4 særlege satsingsområde for Aust-Agder museum og arkiv, og hovudansvaret er lagt til Setesdalsmuseet. Innan bygningsvern, tekstil og delvis også forteljarkunst/folkeminne vert det lagt ned arbeid.
- Eit rikt tilfang av lokalhistoriske bøker med ulikt innhald, der dei fleste delar av bygdelivet har fått si historie.
- Det storslegne bokverket til Johannes Skar, Gamalt or Sætesdal, bd. I-III, Oslo 1961-63, hentar det meste av tilfanget sitt frå kommunane Valle og Bygland.
- Det er lagt ned mykje arbeid i dokumentasjon av drakttradisjonar/setesdalsbunaden.
- Stadnamninnsamling: Fleire tusen stadnamn i Valle er lagt inn på Staten Kartverk sine sider. Nytt stadnamnprosjekt starta 01.01.2020, finansiert av midlar frå Norsk språkråd og Valle kommune, i samarbeid med Setesdalsmuseet.
- Vallemål.no er ei eineståande samling av dialektord frå Setesdal samla i ein database. Alt i 2012 var det samla 10 000 ord.
- Setesdalsmuseet forvaltar ei stor gjenstandssamling, og ei stor samling historiske foto som har plass i museet sine magasin.

### Status

Agder folkemusikkarkiv har store samlingar. Søknad om opptak på UNESCOs verdsarvliste vart innvilga i Colombia i desember 2019.

### Mål

Den immaterielle kulturarva må få auka fokus, verte meir synleg og det må satsast meir på rekruttering og formidling.



## Kraftutbygging

Kraftutbygginga i Setesdal begynner etter kvart å verte gamal. Alt i 1905 vart det bygd dam sør for Byglandsfjord for å samle vatn til produksjon av elektrisk kraft lenger nede i dalen. Ti år seinare stod dalens første kraftverk klart til å takast i bruk i samband med at Landeskogen tok imot dei fyrste pasientane.

Kring 1920 var arbeidet i gang med damanlegg i Roskreppfjorden. Det meste av det som vart bygt den gong er i dag under vatn, men det hender det kjem til syne når det er lite vatn i magasinet. Det same gjeld fleire andre vatn som t.d. Finndalen i Valle.

Olav J. Jore (e.) bygde eige kraftverk i Otra ved Jore. Det kom i drift omlag 1933-34 og sveiv til kring 1960. Både han sjølv og fleire naboar fekk straum derfrå. Kvinnåne i Homme vart og nytta ut til å produsere straum.

I samband med Brokkeutbygginga vart det laga hol i fjell-sidene der store mengder tunnelmasse vart dumpa rett ut i fjellsida. Dette er svært spektakulære monument over kraftutbygginga, og er godt synleg den dag i dag.

Store tippar er Nevredalstippen, Løyland, Åmli og Uppstad.

### Status

Dei fleste anlegg er framleis i drift i regi av Agder Energi/Otra kraft.

### Mål

Ingen konkrete mål.

## Gruvedrift

*At der paa visse Steder i disse store Bjerge og Fjelde findes adskillige Tegn til Mineralia, Metaller og Ertser, maa ikke tvivles paa, endskjøndt ikke i den Mængde, at det vilde lønne Umagen at anlægge kostbare Verker for sammes Skyld.*

Dette skreiv soknepresten i Valle, Reier Gjellebøl, i 1770-åra. Men vel hundre år før det hadde kristians-sandskjøpmannen Peder Linde starta opp gruvedrift i Straumsheia. I 1844 vart Sætersdalens Koberværk skipa av interessantar i Kristiansand. Gamlegruve vart sett i drift att, saman med to nye gruver inne ved Ramvatn; Oskargruve og Amaliegruve. Det vart sett opp store bygningar ved Ramvatn innforbi Straumsfjorden, og året etter fortel folketeljinga at det heldt til 12 mann der inne. Samstundes var 34 mann i arbeid i Bøgruva i Valle. Gamlegruve er framleis å sjå austanfor Straumsfjorden, ikkje langt frå støylen Glott.

Sjølve koparverket vart sett opp i Åraksbø. Den lange og tunge transporten av malm frå Straumsheia og Bø gjekk føre seg på vinterføre. Likevel vart produksjonen alt for liten. Nokre år seinare var verket godt som nedlagt.

### Kulturminne av interesse

Det er fleire stader minne etter gruvedrift. Til Bøgruva i Valle er det mogeleg å take seg fram med bil.

Mellom Straumsfjorden og Mjåvatn ligg det ei stor demning som vart bygd midt på 1600-talet. Meininga var å ordne vasstilførsel til eit påtenkt koparverk på Straume.

### Status

Ingen informasjon eller tilrettelegging for formidling.

### Mål

Sikre at det ikkje vert gjort inngrep i minna etter denne verksemda. Særleg Bøgruva er sårbar.

## Tømmerfløyting

Tømmerfløytinga i Otravassdraget har røtter tilbake til 1500-talet eller tidleg 1600-tal. Alt i 1660-åra høyrer vi om skogar som er «aldeeles udhuggen». Einaste måten å frakte tømmer til sjøen (frå 1641 Kristiansand) på, var fløyting i Otra. I samband med dette er det mange stadar gjort inngrep i elva for å gjere fløytinga lettare, i praksis var føremålet å unngå at tømmeret slo seg sund, samla seg i vaser, vart sendt på land.

I øvre del av dalen er dette i dag mest synleg i form av tømmerkjermer, murar som vart bygde der tømmeret var utsett for å verte sendt på land. Frå Ose vart tømmeret gjerne samla i buntar og dregne med båt. Det var også fløyting i fleire av sideelvene. Lengst opp både i Bjørnaråane og i Ljosåne.

Straumsfjorden er øvste del av Tovdalsvassdraget, og ligg med hovuddelen i Valle kommune, med ytre del og dam i Bygland. Frå gammalt av var der fløytingsdam som vi endå finn restane av, den noverande vart sett opp ikring 1930. Dammen er om lag 60 m lang og 6-7 m høg. Den er eit kunstverk av tilhogne gråstein og i svært god stand.

Dammen i Finndalen vart demd ned på 1960-talet.

### Status

Det er ikkje samlande oversyn på dette temaet.

### Mål

Utarbeide eit oversyn over kulturminne etter tømmerfløytinga.



## Krigsminne

Kulturminne frå krigsåra er det vi kallar eit kulturminne frå nyare tid, og har i utgangspunktet ikkje noko vern når kommunane lagar reguleringsplanar. Mange krigsminne er i ferd med å forsvinne, og i retningslinene for utarbeiding av kulturminneplanar vert det understreka viktigheita av å ha eit fokus nettopp på dette. Det begynner å bli att så få slike, at dei som faktisk eksisterer er verdt å take vare på.

### Registrerte plassar

Rygnestad Trallebane dokumentert på foto. Til etablering av fangeleir med russiske fangar som skulle byggje veg over til Skafså. Brakke i Nistog Rygnestad.

Sygdard Tveiten i Valle. Flyobservasjonspost. Grunnmur etter tårnbrakke, MG-stillingar m.m.

Solheim Helle. Flyvarslingspost. Tårnbygg stod på toppen av hus og er borte. Også løpegraver som skal ha vore på staden er vekk. Skur til ljoskastaraggregat står framleis i vegkanten.

Rysstad. Topp frå tårnbygg på Longerak ved sida av huset til Else Gyro Rysstad, Setesdalsvegen 3219. Kjøpt av Torjus Longerak og brukt som kiosk på campingen (Rysstad feriesenter).

Longerak. Tysk flyobservasjonspost. Ingen merke i landskapet i dag. Setesdalsvegen 2106. Underdel av tårn står ved vegen opp til Kraftstasjonen (eigar Sigrid Nersten Lunden). Toppen er truleg på Rysstad og er i sterkt forfall.

### Mål

Dei få krigsminna som er att skal det takast særskilt omsyn til ved framtidige byggjeprojekt.

## Samiske kulturminne


Den samiske busetjinga og tamreindrifta i Setesdal er godt og vel 130 år gamal. I 1886 kom Jon Andersen Arefjell og kona Kristine med ein stor reinsdyrflokk til Bykleheiane. Lensmannsonen Juel Lund frå Valle starta saman med tre rysstadbønder Setesdalens Reinssamlag i 1895, og leigde samiske gjætarar til drifta. I tida framover vart det beitt både på austheia og vestheia. I 1914 reiste dei siste samefamiliene for godt. Tamreindrifta heldt fram i Fjellgardane/Setesdal Austehei, for ein stor del med samiske gjætarar.

Først på 1900-talet budde det samiske familiar i Rysstadheia/Brokkeheia (Kyrkjenauslega mellom Evardalen og Øyuvsbu) og Sandvasskvæven (veldig nær Brokke-Suleskarvegen). Det skal også vere tuft etter ei gamle som vart bygd i Ljosådalen «ca. 200 meter heimanfor Trongelega ved Trongehytta». Elles leigde dei husvære i bygda.

### Status

Ingen informasjon eller tilrettelegging for formidling.

# 03 / Prioriteringar



Det er mange kulturminne i Valle kommune, og det vil vere uråd å ha fokus på alle samtidig. Målet er å kome i gang med forvaltning av ei overkomeleg mengde kulturminne. Prioriteringa vil vere *kulturminne som er der folk er*. I praksis vil det bety at dei prioriterte kulturminna i handlingplanen ligg nær Riksveg 9.

Skal ein byggje opp under ei oppfatning av at kulturminneforvaltning er positivt for bygdene våre, og gjere det meiningsfullt for folk flest, må tiltaka setjast inn der det er mogeleg å sjå resultat av ein slik karakter at folk vert stolte. *Dette vil vi vise fram også når nokon gjester dalen og bygdene våre*. Reiselivsnæringa er viktig i Setesdal, og dersom kulturminnerikdomen kan bidrage til å støtte opp om reiselivet, vil den ha stor betydning i næringsssamheng. For svært mange er kunnskap om lokal kultur noko vi svært gjerne tek med oss som ein del av ei reiseoppleving.

Det er også viktig at vi gjer eit utval med litt breidde for å fange interessa hjå flest mogeleg. Vi har ei spennande historie og ein unik kultur som det er god grunn til å stoppe opp ved og setje seg betre inn i. Då er det ein føresetnad at det også er lagt til rette for den som ønskjer akkurat det.

Vi ser også føre oss at private ønskjer å take initiativ på eigen eigedom, og at friviljuge lag og organisasjonar ønskjer å gjennomføre prosjekt som kanskje ikkje står i denne planen eller er prioritert. I slike høve må ein vere open for å sjå kva mogelegheiter kommunen måtte ha til å sjå positivt også på dette, i form av tilskott eller annan bistand.

Det er ønskeleg at kulturminneforvaltninga skal vere basert på eit samvirke mellom kommune, grunneigarar og friviljuge. I samband med arbeid med kommunalt årsbudsjett og handlingsprogram må det utarbeidast ein handlingsdel for kulturminneplanen. Handlingsdelen vil vise kva for tiltak som kommunen ønskjer å prioritere og når arbeidet kan setjast i gang. Ved rullering av planen vil dette kunne endre seg.

## Oversikt over tema som er handsama i kulturminneplanen, og som skal inn i ein handlingsdel:

Tema	Mål/Objekt	Tiltak	Ansvar
Forhistoriske fornminne	Redusere tap av fornminne	Utarbeide skjøttsplanar for viktige arkeologiske kulturminne	Kulturhistorisk museum Agder fylkeskommune Valle kommune
Bygningsvern	Behalde eit representativt utval av eldre bygningsmasse	Leggje til rette for og gjere eigarane kjende med støtteordningar for opprusting av eldre bygg	Riksantikvaren Agder fylkeskommune Aust-Agder museum og arkiv Valle kommune Eigarane
		Registrere eit representativt utval bygg eldre yngre enn 1900 og eldre bygg som ikkje vart registrerte i SEFRAK	Agder fylkeskommune Valle kommune
		Stille til disposisjon kunnskap om å take vare på eldre hus	Riksantikvaren Agder fylkeskommune Aust-Agder museum og arkiv
		Etablere kompetansesenter for mellomalderbygningar ved Setesdalsmuseet	Riksantikvaren Agder fylkeskommune Valle kommune Aust-Agder museum og arkiv
Kulturlandskap	Behalde eit variert og representativt utval kulturlandskap	Etablere positive samarbeidsprosjekt med grunneigarar. Kulturlandskapet må brukast om det skal bestå	Diverse departement Riksantikvaren Agder fylkeskommune Valle kommune Grunneigarar
		Gjere tilskotsordningar kjent, og prioritere rettleiing/oppfølging på tiltak i kulturlandskapet	Diverse departement Agder fylkeskommune Valle kommune
Kyrkjer og kyrkjegardar	Sikre framtidig vedlikehald av kyrkjene	Utarbeide FDV-planar for kyrkjene. (FDV = forvaltning, drift, vedlikehald)	Den norske kyrkja Riksantikvaren Statens Vegvesen Agder fylkeskommune Valle kommune
		Utarbeide skjøttselplanar for kyrkjegardar som ikkje lenger er i bruk	Den norske kyrkja Riksantikvaren Agder fylkeskommune Valle kommune
Kommunikasjonar	Behalde og formidle eit representativt utval av vegminne/kommunikasjonar	Ingen	Riksantikvaren Statens Vegvesen Agder fylkeskommune Valle kommune
Kulturstiar/turvegar	Godt tilrettelagt nettverk av turstiar	Rydde, merke, utarbeide kart og informasjon	Reiselivsnæringa Valle kommune Midt-Agder Friluftsråd

Tema	Mål/Objekt	Tiltak	Ansvar
Museum	Rygnestad museum Tveitetunet Prestevodden Heimigard Berg Brokke skulehus	Oppretthalde eit nivå på vedlikehald som sikrar bygningane for skadar og forfall	Riksantikvaren Aust-Agder museum og arkiv Bykle, Valle og Bygland kommunar (Setesdalsmuseet Eigedom IKS)
Immateriell kulturarv	Godkjent listeføring på Unescos representative liste, meir synlegheit og meir satsing på formidling	Økonomiske og menneskelege ressursar til å forvalte denne delen av kulturarven	Kulturdepartementet Agder fylkeskommune Kommunane i Setesdal Agder folkemusikkarkiv Aust-Agder museum og arkiv
Kraftutbygging	Ingen konkrete mål		Kraftutbyggjar Valle kommune
Gruvedrift	Sikre at det ikkje vert gjort inngrep i minna etter denne verksemda. Særleg Bøgruva er sårbar	Ingen	Valle kommune Grunneigarar
Tømmerfløyting	Utarbeide eit oversyn over kulturminne etter tømmerfløytinga	Registrere minne etter tømmerfløytinga	Valle kommune Grunneigarar
Krigsminne	Take særskilt omsyn til eksisterande krigsminne ved byggjeprojekt	Ingen	Valle kommune
Samiske kulturminne	Ingen konkrete mål		Valle kommune

## Ikkje prioriterte kulturminne i planperioden

I arbeidet med denne kulturminneplanen har vi sett det som nødvendig å avgrense seg. Det er førebels ikkje ressursar tilgjengelege til satsing på alle område.

### Øydegardar og støylar

Nedgangstidene i seinmiddelalderen fall saman med at det viktige arbeidet med å utvinne jern vart borte frå bygdene våre. Folk trekte ned frå heiane – der truleg utvinning av jern hadde vore ein viktig del av eksistensgrunnlaget – og begynte å dyrke korn på gardane nede i dalen. Mange bruk stod tomme, og store, ledige areal gjorde det mogeleg å dyrke tilstrekkeleg med korn til å livnære seg gjennom vinteren. I ein perioden kan ein rekne med høg grad av sjølvberging.

Mange av desse tidlegare gardane vart tekne opp att som støylar på 1700-talet.

Vi vil trekkje fram følgjande dalar/område med særleg interesse. For fleire av desse er det mogeleg å dokumentere fast busetjing.

Heddesdalen  
Rysstad  
Brokke og vestover  
Hylesdalen  
Bjørgedalen  
Hovsdalen  
Stavedalen  
Finndalen  
Ljosådalen

For å dokumentere kunnskap om livet på støylen er det på tide å kome i gang med innsamling. Dei som framleis minnest støylslivet er no i ferd med å verte svært gamle.

SVR Setesdal vesthei Ryfylkeheiane landskapsvern-område har eit eige vern med eigne forvaltningsplanar og eige forvaltningssekretariat. Forvaltning av landskap og kulturminne i store delar av heiane våre er lagt til SVR.

### Skular og forsamlingshus

På 1800-talet var organiseringa av samfunnet i endring. Kommunikasjonane vart utbygde, og det var ei nasjonal reising som mellom anna innebar at tilreisande kom for å leite etter det typisk norske, den nasjonale identiteten. Det vart bygd skular slik at alle skulle få lære å lese og skrive.

Tradisjonelle band mellom rik og fattig, bonde og husmann, vart borte. Omgrepet *arbeidsfolk* vart vanleg – folk som ikkje eigde verken gard eller grunn, men livnærde seg med å arbeide for andre. I kyrkjene begynte lekfolk å preike. Den nye måte å knyte ting saman på var organisasjonane.

Organisasjonane kom til å binde nordmenn saman både lokalt og nasjonalt. Frå om lag 1840 begynte ein å tale om «assosiasjonsånden» som gjekk over landet. Ytrings- og friedom gav langt på veg organisasjonsfriedom, særleg frå midten av hundreåret. Mange typar organisasjonar voks fram. I våre bygder var det to rørsler som kvar for seg peika i kvar si retning; ungdomslaga og dei kristne organisasjonane.

Felles for alt dette var at det vart bygt hus til aktivitetane. Fram til då hadde kyrkjene – utanom nokre få, større private hus – vore dei einaste stadene der mange kunne samlast under eitt tak.

Mange av desse bygningane har kulturhistorisk verdi og interesse, men utifrå dei ressursar ein i dag har til rådighet er det ikkje mogeleg å prioritere dette arbeidet. I nokre tilfelle kan dette likevel verte aktualisert gjennom innspel frå anten Vegvesenet eller grunneigarar.

### Tiltak

Flytte Treungen ungdomshus frå Helle til museumsområdet på Bjugsbakk. Valle kommune, Aust-Agder museum og arkiv og Statens vegvesen må samarbeide om dette. Dette bør gjerast i 2020–2022, no når nyvegen gjennom Helle blir bygd. Kommunen og museet må forhandle med eigar av huset og Statens vegvesen om ei praktisk og økonomisk løysing.





## Litteratur

Bitustøyl, Kjell: Tamreindriffta i Setesdal. Bykle 2017.

Egeland, Olav: I/S Øvre Otra/Otra kraft DA 50 år. 1960-2010. Rysstad 2011.

Eldhuset, Åsmund: Jubileumsskrift. Sandnes kyrkje 150 år. 1844 - 1994. Bygland 1994.

Hagestad, Tønnes: Fløtningens historie i Otra og Tovdalselva. Kristiansand 1988.

Homme, Knut K. m.fl. (red.): Kyrkja på Vaddarhaugen. Valle kyrkje 1844-1994. Valle 1994.

Jansen, Leonhard og Eivind Hovet (red.): Hylestad kyrkje 150 år. Hylestad 1988.

Jansen, Leonhard og Alfred Ryningen: Valle kommune. Kultursoge. Bd. VII og VIII. Valle 1994.

Jansen, Leonhard m.fl. (red.): Spor i Setesdalsjord. Rysstad 2013.

Jansen, Leonhard m.fl.: Frå postveg til riksveg. Vegar og vegminne lands riksveg 9. Tvedestrand 2018.

Midtun, Gisle: Norske bygder. Bd. 1, Setesdalen. Oslo 1921.

Moseid, Torgeir: Frå kveg til cruise. Rysstad 2018.

Ryningen, Alfred: Valle kommune. Gards- og ættesoge Valle. Bd. I-VI. Valle 1985/1987.

Skomedal, Sigmund: I skiftende tider. Otteraaens brukseierforening gjennom 85 år. Kristiansand 1985.

Tveito, Reidar: Riksveg 9. Bruer og særtrekk langs vegen. Byglandsfjord 2014.

Tveito, Reidar: Ridesti og gamle vegar omkring Byglandsfjord. Byglandsfjord 2017.

Tveito, Reidar: Ferja, brua og ny-vegen i og omkring Byglandsfjord. Byglandsfjord 2018.

Vevstad, Andreas: Fosskarane og åna. Om fellesfløtningen i Otra og Vennesla bom. Kristiansand 1999.

## Rapportar og registreringar

Christiansen, Tormod og Leonhard Jansen: Registrering av tyske krigsminne i Valle og Bygland, Aust-Agder fylke. 2018.

Egerhei, Tom og Janne Johnsen: Mulighetsstudie for Otra elvepark. Kristiansand 2019.

Fylkesmannen i Aust-Agder: Regionalt miljøprogram for Agder 2019-2022. Arendal 2019.

Jansen, Leonhard m.fl.: Valle kyrkje 125 år, Valle 1994.

Jansen, Leonhard: Registering i samband med etablering av Kveassåne kraftver. Rysstad 2005.

Jansen, Leonhard, Ingvild Paulsen og Nils Ole sundet: Spor i Setesdalsjord. Tvedestrand 2014.

Jansen, Leonhard m.fl.: Frå postveg til riksveg. Tvedestrand 2016.

Kjos, Ole: Rapport arkeologisk utgraving. Bosetningsspor og gravminner. Hovet, 65/1 m.fl. Valle kommune, Aust-Agder. Oslo 2009.

Paulsen, Knut Erik og Anders Dalseg: Bygningar i Setesdalsmuseet eigeidom IKS. Rysstad 2018.

Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei. Heiplanen. 2012-13.

Riksantikvaren. Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse på Agder. Oslo 2019.

Setesdal regionråd. Levande og lønsame kulturlandskap i Setesdal. Valle 2010.

Statens Vegvesen. Vegminner i Aust-Agder. Arendal 2000.

Statens Vegvesen. Konsekvensutgreiing rv. 9 Sandnes-Harstadberg. Fagtema kulturmiljø. Sandvika 2019.

Statens Vegvesen. Prosjekt: Rv. Besteland-Helle. Arendal 2018.

Svalheim, Ellen og Leonhard Jansen: Stølslandskapet på indre Agder. Arendal 2002.

Svalheim, Ellen: Registreringer i kulturlandskapet frå Valle sentrum og til Tveiten/Harstad. Valle kommune. Gjeving 2006.

Svalheim, Ellen: Forvaltningsplan for Rygnestad og Flateland, Valle kommune. Skjøtsel av kulturavhengig biomangfold innen utvalgte kulturlandskap. Bioforsk Rapport. Vol. 4 Nr. 112. Arendal 2009.

Svalheim, Ellem og Leonhard Jansen: Kulturlandskapet i Bossbulega, Sveling og Håhelleren i Valle vesthei. Nibio rapport Vol. 1. nr. 56, 2015. Valle/Hjartdal 2015.

SVR. Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR). 2015.

Telemark fylkeskommune. Kulturminner på Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei. En statusrapport. 2011.

Uppstad, Torjus: Områdetiltak i Valle 2008. Nordibø-Brotteit. Oveinang 2008.

Valle kommune. Tursti Neire Lauvås. Plankontoret Hallvard Homme 2012.

Valle kommune. Prestefossen kulturlandskap – tursti med hengebru. Valle kommune 2018-2022. Plankontoret Hallvard Homme.



Foto når ikkje anna er oppgjeve: Leonhard Jansen/Setesdalsmuseet.



Valle kommune

**Valle kommune**

Postboks 4

4746 Valle

[www.valle.kommune.no](http://www.valle.kommune.no)